



Tommy Johannessen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1056 - 14/11004

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:

04.07.2014

## Svar på førespurnad om forlenging av frist for innsending av søknad om tiltak - gbnr. 37/39 i Meland kommune

Det vert vist til dykkar e-post til Meland kommune dagsett 26.2.2014.

Gjennom vedtak frå Meland kommune av 5.7.2010 vart det gitt dispensasjon frå kommuneplanen sitt generelle forbod mot byggjetiltak i LNF-område – for oppføring av bustad på gbnr. 37/39 på Ådland – jf. DNT-sak 282/10. Det går vidare fram av vedtaket at dispensasjonen fell bort dersom den ikkje er nytta innan tre år, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 21-9. Dispensasjonen fall dermed bort 5.7.2013.

I nemnde e-post ber du kommunen om å forlenga verknaden av dispensasjonsvedtaket.

Plan og bygningsloven inneheld følgjande føresegn om gyldigheita til m.a. vedtak om dispensasjon, jf. pbl. § 21-9 første ledd:

*«Er tiltaket ikke satt i gang senest 3 år etter at tillatelse er gitt, faller tillatelsen bort. Det samme gjelder hvis tiltaket innstilles i mer enn 2 år. Disse bestemmelser gjelder tilsvarende for dispensasjon. Fristene kan ikke forlenges.» (Administrasjonen sine understrekingar.)*

Den refererte lovføresegna inneber at Meland kommune ikkje har heimel til å imøtekome dykkar førespurnad om fristforlenging etter pbl. § 21-9.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

